

Medisinsk mållag  
v/Turid Thune  
Nattlandsfjellet 160  
5098 Bergen

Vår ref.:  
2009/85 - 1683/2009

Deres ref.:

Saksbehandler:  
Bjørg Sandal, 51 96 38 07

Dato:  
06.05.2009

### Målform i ny elektronisk pasientjournal i Helse Vest og taleattkjenning i medisinsk dokumentasjon

Vi viser til brev frå Medisinsk mållag med førespurnad om bruk av nynorsk i ny elektronisk pasientjournal i Helse Vest og bruk av nynorsk mål i medisinsk dokumentasjon.

Helse Vest har nynorsk som tenestemål. I det ligg det at Helse Vest RHF alltid skal nytta nynorsk i brev og annan skriftleg kommunikasjon med eit anna statsorgan som adressat. For anna skriftleg materiale frå Helse Vest RFH skal helseføretaket rette seg etter fleirtalsmålforma i det området føretaket omfattar. Reint internt språkbruk i helseføretaka vil derimot ikkje vera regulert i mållova (ref. Språkrådet).

Helse Vest RHF ønskjer likevel å legge til rette for at begge målføre skal vere synlege der det let seg gjere i programvare som blir brukt internt i føretaksgruppa.

Når det gjeld elektronisk pasientjournal (EPJ) var dette ikkje med i konkurransegrunnlaget, men i dialog med DIPS er det avklart at EPJ vil vere oppe på begge målføre gradvis i løpet av eit par år.

For framtidige anskaffingar skal vi sikre at det blir stilt krav om nynorsk målform i malar, menyar og tekstfelt. Ein del nye programvarer er under utvikling og det vil ta tid før ein slik fleksibilitet er på plass. Likevel er målet av medarbeidarane i Helse Vest i størst mogleg grad kan bruke sitt eige målføre også i interne arbeidsprosessar.

Med helsing

*Kristin H. Haugen*  
for  
Bjørg Sandal  
Kommunikasjondirektør